



Løpebanen er slådda og alle skråningane er klypte, rydda og stelt.

Den nye dugnadsgruppa i Uskedalen kan på kort tid syna til mange arbeidsoppgåver utført på Kunstgrasbanen, Stemneplassen og ikkje minst idrettsbanen på Heio. Den faste gjengen på rundt ti medlemmer møtest kvar torsdag til faste og planlagde gjeremål. Pål Haugland er arbeidsleiar.

Banen på Heio har fått eit synleg vedlikehaldsløft. Banen er slådda, skråningane klypte, rydda og stelt. Det er lagt fram jordkabel til ladepunkt for klypperoboten. Roboten gjer eit godt arbeid og grasdekket er tipp topp.

Av dei som har vore med på frivillig arbeid på Heio den siste tida, nemner vi: Lars Myklebust, Knut Steinsletten, Pål Haugland, Audun Eik, Steinar Kroka og Svein Rimestad, Leif Magne Framnes, Bjarne Lilleaas, Ove Magne Myhre og Vidar Haugland.

Oppmodinga no er: Ta banen i bruk.

Tekst: Svein Rimestad/ Kristian Bringedal

Foto: Svein Rimestad

Nett: Kristian Bringedal